

Kyrkje- bladet

Nr. 1/22
INFORMASJON
For Fjell, Foldnes og Landro sokn



- SIDE 10 -

GLIMT FRÅ T12-DAGEN
LYSVAKEN I FJELL KYRKJE

- SIDE 4 -

GUDSTENESTEFEIRING OG
DÅP I PANDEMITIDA

- SIDE 6 -

-VIL AT KYRKJELYDEN
SKAL VERE STOLT

Leiar

Annlaug Børve
Ansvarleg redaktør



Gi sjela ein sjanse!

Sjela har oddsa mot seg i våre dagar. I vestleg vitskap finn ein få spor av at menneske i det heile har ei sjel. Ho kan ikkje verifiserast gjennom klare ugjendrivelege fakta, og utan bevis for sin eksistens har sjela heller ingen reell vitskapleg verdi. Og med merksemda retta mot skjermar som bombarderer oss med flimrande bilete, lydar, informasjon og sensasjon kvart ledige minutt av dagen, har ei eventuell sjel dessutan svært dårlege levevilkår.

Likevel vil dei fleste meine at menneske har ei sjel, noko daglegspråket vårt vitnar om. «Det gjorde godt for sjela» kan vi seie, etter til dømes sterke naturopplevingar eller å ha lytta til vakker musikk. Bibelen er òg full av referansar til sjela vår. Med sjela, ofte i kombinasjon med hjartet, kan vi elske, vende om, erfare og lovsynge. Men sjela kan også lengte, tørste og vere sorgtyngd. Bibelen set med andre ord sjela i samheng med dei djupaste sidene av det å vere menneske.

Dermed handlar det å vere i kontakt med si eiga sjel om å komme nærare seg sjølv og den ein djupast sett er. I andakten på neste side skriv Maria Tveten om fastetida som ei førebuing fram mot påske, ei førebuing som mellom anna handlar sjølvransaking, sjølvrefleksjon, og om det vere stille. Å vere stille kan høyrst enkelt ut. Men den som har prøvd, veit at det er mykje som kan komme i vegen for stilla. Å bli stille krev tid, vilje, trening og tolmod. Å bli stille handlar også om merksamt nærvær, og om å få eit ærleg møte med seg sjølv. Og den som er i kontakt med seg sjølv, kan også få ærlege møte med andre menneske og med Gud.

Kanskje vi denne fastetida skal ta oss tid til å vere stille, og sjå kor det fører oss?

God fastetid!

Kjell-Asle Børnes har byrja som prostiprest

1. januar avslutta Kjell-Asle tenesta som sokneprest i Sund og gjekk over i nye oppgåver som prostiprest i Vesthordland prosti. Han skal gjere presteteneste ved to sjukeheimar i Bergen og elles i kyrkjelydane i prostiet. Det var markering av avslutninga i samband med gudstenesta 1. januar i Sund kyrkje.

Eg vil takka Kjell-Asle for tenesta han har gjort som sokneprest gjennom mange år, og ynskjer han velkomen til anna teneste i prostiet.

Jan Tommy Fosse
Prost



Kjell-Asle Børnes på markeringa i Sund kyrkje.
Foto: Olai Otterå

Innhald

GUDSTENESTEFEIRING OG DÅP I PANDEMITIDA	4-5
–VIL AT KYRKJELYDEN SKAL VERE STOLT	6-7
MUSIKK OG BASAR I FJELL KYRKJE	8
KYRKJEGANG OG GJEVARTENESTE I DENNE PANDEMITIDA	9
GLIMT FRÅ T-DAGEN	10-11
BASAR I LANDRO KYRKJE	13
GUDSTENESTEOVERSIKT	14
LIVETS GANG	15

En lovprisning til alvoret og askesen

Maria Tveten
Sokneprest i Foldnes kyrkje



Dette er en aldri så liten lovprisning til kirkeåret og da spesielt fastetiden, som vi er på vei inn i nå. Egentlig er en lovprisning til fastetiden en aldri så liten selvmotsigelse, for det er kun i fastetiden at lovprisningen, gloria, er tatt bort fra liturgien vår. Like fullt slår jeg et slag for fastetiden og for det alvoret som ligger over forberedelsestiden fram mot påske.

Nå har åpenbaringstiden forhåpentligvis gitt oss et fyldigere bilde av hvem Jesus er, det er i hvert fall det som er åpenbaringstidens fokus og egenart. Nå starter forberedelsestiden, som de siste årene har blitt mer og mer viktig for meg. Jeg erkjenner at advent, som også er en forberedelsestid, ikke har de rommene til ettertenksomhet som jeg kunne ønske meg. Fastetiden er lengre, 40 dager pluss søndagene, og har ikke det samme hektiske draget over seg, som desember og adventstid ofte får.

Fastetiden handler om å rydde vei og rydde plass. Det handler om

selvrefleksjon og selvransakelse. Det handler om oppgivelse og overgivelse. Og det handler om stillhet.

Det er noe deilig befriende over det å sette av tid til litt askese. Jeg skrur av de tidstyvene jeg kan, og forundres årlig over den frigjorte tiden som plutselig er gjort tilgjengelig for noe annet. Forhåpentligvis noe mer meningsfullt og meningsskapende. Jeg lever enklere og gjør noen valg som jeg tror både er godt for meg, men ikke minst for den verden vi lever i.

For fastetiden skal ikke bare handle om selvransakelse og selvrefleksjon. Fastetiden har også et vindu utover, til mine medmennesker og til verden. Kirkens nødhjelp gir oss et praktisk redskap med regnbuelysene med sine tilhørende bønner, som hver uke har sitt eget fokus utover. Disse kan du bestille gjennom kirkekontoret.

Vi lager også et fastehefte, med bibellesing og bønner for hver dag

fram mot påske. Dette kan du finne i noen av kirkene våre eller du kan laste ned og skrive ut fra nettsiden til Øygarden kyrkjelege fellesråd.

Så finnes det spesielle samlinger i kirkene våre nå i fastetiden. Samlinger med muligheter for stillhet, utenom søndagsgudstjenestene. «Noen ganger er steder av stillhet vår viktigste kontaktflate med mysteriet» skriver den irske poeten John O'Donohue.

Grip muligheten som ligger i den alvorlige, men gode fastetiden. Så ber vi med Peter Halldorf:

«Herre, vår Gud,
du som gir oss denne tiden for å
vende tilbake til deg,
hjelp oss å legge fra oss det som
trekker oppmerksomheten bort fra
det vesentlige,
så vi kan falle til ro hos deg.

Amen»



Dåpsbarnet Ellinor Ågotnes Olsen Bergum med foreldra Nina Olsen Theil Bergum og Richard Øvretveit Ågotnes.

Gudstenestefeiring og dåp i pandemitida

I 2021 vart det døypt 213 barn og unge i Landro, Fjell og Foldnes kyrkjer. Mange av desse vart døypte i egne dåpsgudstenester.

TEKST OG FOTO: BJARTE NESE

Gjennom dei siste to åra har det vore mange restriksjonar for å kunne samlast. Dette har hatt store konsekvensar for kyrkjene våre. Likevel har ein klart å halde kyrkjene opne gjennom det meste av pandemitida.

Det er laurdag 8. januar og det skal arrangerast to dåpsgudstenester i Fjell kyrkje. I denne perioden er det høve til å samle 50 personar i kyrkja. På den første gudstenesta vert Thor Gjerde Hansen døypt med næraste familie til stades. Bunad

og dressklede familiemedlemmar deltek under gudstenesta, og etterlet ei kjensle av høgtid. Kort tid etter at gudstenesta er ferdig, og familien skal samlast til dåpselskap - kjem neste dåpsbarn til kyrkja. Det er Ellinor Ågotnes Olsen Bergum. Også

her er det ein festkledd kyrkjelyd med familie og nokre venner. Når stolte oldeforeldre er blitt plassert på første benk, kan gudstenesta begynne. Presten Bjarthe Nese har blitt vand med å ha dåp på denne måten, men synest framleis det er rart å ha munnbind på seg under sjølve dåpshandlinga. Etterpå fortel dåpsmor Nina Olsen Theil Bergum at det eigentleg vart enklare å samlast i kyrkja i ei eiga dåpsgudsteneste.

Det kjendest trygt med omsyn til smittevern, dessutan vart opplevinga nærare og meir personleg. Bunaden hennar blir raskt skifta ut med eit meir «ammevennleg» klesplagg før familien reiser vidare til dåpselskap.

Kyrkjetenar Janne-Lin Andersen har sett mange små forsamlingar dei siste to åra. «I begynnelsen var det spesielt. Pandemi var jo nytt for alle, og det vart mange

nye rutiner. Det mest spesielle var vel den tida ein berre fekk vere 10 personar til stades i kyrkja. Der er vi heldigvis ikkje no.» Det er også ganske travelt for kyrkjetenaren, for restriksjonane gjer at det fort kan bli mange gudstenester etter kvarandre. «Men det er fint når ein ikkje er så mange også - ein får betre tid til den enkelte.»

Søndag 9. januar er det gudsteneste i både Fjell, Landro og Foldnes kyrkjer kl. 11.00. I Landro er kyrkjetenar Janesh Amena i ferd med å klargjere kyrkja. Han sjekkar at deltakarlistene er klare, før dei frivillige medarbeidarane kjem. Han peikar på at det har vore krevjande for kyrkjelydane. Men «det går bra», seier han med eit smil. Han fortel at det vanskelegaste var den tida ein berre fekk samle 20 menneske til gravferd. «Det var tungt for mange familiar. Det vart litt lettare når ein fekk samle 50.» Snart begynner det å komme folk, og gudstenesta kan begynne. Teksten denne søndagen er frå Johannesvangeliet, om Jesu dåp (Joh 1, 29-34). Døyparen Johannes fortel om at han fekk døype Guds son.



Kyrkjetenar Janne-Lin Andersen legg til rette for dåp i Fjell kyrkje.



Kyrkjetenar Janesh Amena sjekkar at deltakarlistene er på plass, før han tek imot frivillige medarbeidarar til gudstenesta i Landro kyrkje.



Dåpsbarnet Thor Gjerde Hansen med foreldre Trine Gjerde Hansen, Thomas Storm Hansen og storebror Theodor. Foto: privat

- Vil at kyrkjelyden skal vere stolt

I 2022 blir Foldnes kyrkje gjengangar på radiogudstenestene i NRK. Seks kyrkjer er valt ut og Foldnes var ute med første gudsteneste 16. januar.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Maria Tveten og Aasmund Brekke har rundt 300 000 lyttarar med seg på gudstenesta når den blir overført på dei ulike kanalane i NRK Radio.

Når NRK skal velje ut kyrkjer dei vil ha radiogudstenester frå, ser dei på det geografiske, ulike type kyrkjelydar og dei ser på kjønn for å få litt variasjon på både prest og organist. Slik vart Foldnes kyrkje valt ut og Maria Tveten, sokneprest i Foldnes, og Aasmund Brekke, organist i Foldnes,

takka ja til oppdraget. Deretter vart dei inviterte til kurs i Trondheim saman med fem andre kyrkjelydar.

Her lærte dei om gleder og utfordringar som kjem med å vere på direkten. Dei fekk høyre om korleis det er lurt å leggje opp gudstenesta

og å lage og halde seg til ein køyreplan.

–Med radiogudstenester er det viktig å ikkje ha så mykje stille, men heller beskrive kva som skjer slik at lyttarane kan male seg eit bilete av det, seier Maria. Ho hadde

mellom anna ei skattekiste med i gudstenesta, denne beskrev ho korleis såg ut og banka på den for å få fram at denne var laga av tre.

–For oss var det viktig at me tok med oss lyttarane inn i det som er ei vanleg familiegudsteneste i Foldnes kyrkje, og ikkje noko som er veldig ekstraordinært og annleis, seier Maria. Men det betyr ikkje at det berre skal vere ordinære gudstenester. For planen er å vise fram dei gudstenestene som vanlegvis er Foldnes kyrkje i løpet av eit år, og det inneberer både jazz-gudsteneste og gospelgudsteneste.

–Håpet for Aasmund og meg er at dette skal komme kyrkjelyden til gode og at dei sjølv skal oppleve at dei er stolte av kyrkja dei høyrer til, seier Maria engasjert.

Til saman skal Foldnes kyrkje ha seks radiogudstenester i 2022 og neste frå Foldnes blir 13. mars.

–Å samarbeide med NRK har vore veldig behageleg, dei er dyktige og det har vore ei veldig fin oppleving. Vi har fått mange gode tilbakemeldingar. Eg gler med til å fortsette samarbeidet, seier Maria.



Det er mykje som skal riggast opp før gudstenesta og alt utstyret kjem frå Oslo i ein stor bil.



Organsit Aasmund Brekke varierte mellom å spele på orgel og flygel under gudstenesta, det var også med forsongarar.

Årsmøte i sokna

FJELL SOKN

Vel møtt til årsmøte i Fjell kyrkje 13. mars, etter gudstenesta.

FOLDNES SOKN

Vel møtt til årsmøte i Foldnes kyrkje 20. mars kl. 12.30, etter gudstenesta.

LANDRO SOKN

Vel møtt til soknemøte i Landro kyrkje 27. mars, like etter gudstenesta.



DEN NORSKE KYRKJA

Musikk i Fjell kyrkje

våren 2022

Minikonsertar kl. 18.30:

Onsdag 23. mars Onsdag 18. mai

Onsdag 13. april Onsdag 8. juni

Salmekvelder kl. 19.30:

Onsdag 23. februar Onsdag 25. mai

Konsertar:

Laurdag 26. februar kl. 18.00: Renaissance- og barokkmusikk
Onsdag 9. mars kl. 19.00: Norsk folkemusikk ved organist Trent Bruner på piano og Ingrid Sofie Bruner og Hanah Bruner på hardingfele

Basar i kyrkjelydssalen i Fjell

Laurdag 26. mars kl. 16–18

Inntekta går til misjonsprosjekta våre i Thailand/Laos.

Mange fine gevinstar. Velkommen!

Basargruppa i Fjell kyrkjelyd

Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule: Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland tlf. 924 08 805
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- KM Kluzz:** Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
- RAMP:** Pause våren 2022.
- Gospelkoret Lokal Vokal:** Kvar onsdag kl. 19.30–21.30. Frå 18+, ingen øvre aldersgrense. Kontakt: Renate Olsen tlf. 994 63 819
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Lillelördag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Beate Sørhus tlf. 920 89 740
- Ungdomslördag:** Annankvar laurdag frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Knut Erling Gammelsæter tlf. 473 97 939
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule: Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
- Kveldsbøn:** Ca. ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
- Morgonbøn:** Kvar onsdag kl. 07.00–07.20. Kontakt: Morten Torsvik tlf. 909 37 169
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgne Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646
- Vokalensemblet Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Ingjerd Hauge Johansen tlf. 922 32 815
- Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 19.30–21.30. Kontakt: Malgorzata Anna Tveit tlf. 951 84 429
- Fjell barnekor:** Barnekoret øver annankvar onsdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie tlf. 408 85 692

Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Onsdagsmøte: I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjørøy tlf. 917 51 706
- Bønefellesskap:** Kvar tysdag kl. 20.00.
- Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00 (Er no på koronaevent) For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
- Landro Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
- Landro Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Ungdomsklubb:** I kyrkjelydssalen nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437

Kyrkjegang og gjevarteneste i denne pandemitida

I Fjell sokneråd har vi hatt ei fast sak på kvart møte sidan pandemien trefte oss. Korleis går det, og kva er utfordringane i kyrkjelyden?

I november trudde vi at denne saka snart kunne strykast av saklista, men slik har det ikkje gått enno. Talet på deltakarar er avgrensa på gudstenestene, og arrangement er blitt avlyste. I Fjell har vi sett at at kyrkjegjengarar ikkje melder seg på av di nokon tenkjer at andre må få sleppa til. Ikkje ver så «snill». Meld deg på! Elles risikerer vi at plassar står tomme!

Hos oss har fleire offer til eige arbeid gått ut. Det er kome mindre inn enn rekna med til den drifta vi har trass i pandemien. På nettet under Givarteneste i Fjell kyrkje, finn du fire tiltak du kan gje til:

Arbeid i Fjell kyrkjelyd, Barn og ungdom, Lyd og bilete og Misjon og visjon: Misjonsprosjekta i Thailand /Laos.

No treng vi særleg gjevningar til det generelle arbeidet i Fjell kyrkjelyd. Takk til deg som alt er fast gjevjar!

Jorunn Småbrekke Gjersvik
Soknerådsleiar i Fjell

Rammeløyving 2022



Sokneprest Maria Tveten var innom kommunestyret i Øygarden i desember. På vegne av kyrkja i kommunen bar ho fram ei julehelsing til kommunestyre-representantane. Øygarden kommune løyver om lag 30 mill. kroner i 2022 til drift av kyrkje i kommunen. Det kyrkjelege arbeidet har i ein årrekke hatt ei sentral rolle blant folket i Øygarden.

Tekst: Ottar Vik, foto: ØK Vigleik Brekke

Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som har det vanskelig? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Mer informasjon om fosterhjem på

fosterhjem.no

Illustrasjonsfoto



T12 LysVaken

Ei natt i Fjell kyrkje i november. Vi fekk høyre om misjonsprosjektet i Thailand, kor Maria-prest og fleire av deltakarane hadde vore misjonærar. Vi fekk òg gode samtalar om korleis me kan sette gode spor og vere lys vakne for kvarandre og verda vi bur i. Vi sov godt i kyrkja!

T3 Advent

Søndag 28. november feira vi fyrste søndag i advent i både Fjell, Foldnes og Landro kyrkje. Mange forventningsfulle treiarar møtte fram for å få den fine juleboka i gåve.



Velkommen på T-dagar!

T8 Bøn

Laurdag 19. februar kl. 13-15
er det T8-dag i Foldnes kyrkje, og heile familien er invitert. Gjennom mange kjekke aktivitetar skal vi lære om ulike former for bøn, og om korleis vi kan gje trusoppføringa ein naturleg plass heime. Etterpå får familien med seg eit T8-nett med mykje fint oppi.

T5 Den gode gjetaren

Onsdag 23. mars kl. 16.30-18.45
er det T5- dag i Foldnes kyrkje. Historia om den gode gjetaren er i fokus denne dagen. Alle femåringane får ei T5-bok i gåve.

T2 Påskevandring

Laurdag 2. april kl. 14-16
er heile familien invitert til utandørs påskevandring i turløypa ved Foldnes kyrkje. Målet for vandringa blir sjølve kyrkja. Toåringane og familien får med seg ei fin påskebok heim.

Følg med på nettsidene våre for meir info og påmelding:

www.kyrkja.no/t-dagen

Vi er òg på **Facebook**, og der vil du finne oppdatert info når T-dagane nærmar seg.



Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Fjell-ly **Leirstedet til IMF Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

PH **SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ**
ÆDER

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRÅVFERD**

Din lokale elektriker!

Thunestvedt
Vestgar

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
vestgarelektro.no
vestgar@thunestvedt.no

BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75

Bergen Omegn
BEGRAVELSESHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden
Espen Polden
Heine Polden
Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

Godfoten
FOTTERAPI

Velkommen til oss på Rong senter
Timebestilling på mob nr 94023865 eller på www.godfoten-as.no Vi har gavekort!

Bjorgvin **Døgnvakt 55 20 23 00**
BEGRAVELSESBYRÅ www.bjorgvin-b.no
Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?
Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no **SOS** 22 40 00 40

vøpps

Øygarden kyrkjelege fellesråd: 82511
Basecamp RePro: 76162
Fjell kyrkje: 80304
Foldnes kyrkje: 76022
Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato

Takk for di gåve!



Babysong

Fjell kyrkje
Kvar måndag kl. 12.30-14.30.
Påmelding til Vibeke Supphellen på tlf. 975 78 956.

Landro kyrkje
Kvar onsdag kl. 12.30-14.30.
Påmelding på epost til tove.angeltveit@kfuk-kfum.no

Foldnes kyrkje
Annakvar måndag (partallsveker) kl. 11.30-13.30
Påmelding: www.kyrkja.no/oygarden/babysong

Følg med på facebooksidene til "Øygarden KFUK/KFUM åpen barnehage" og "T-dagen" for meir info.

Velkommen!

Bibelgruppe i Landro kyrkje

Er du interessert i å delta i bibelgruppe?

Ei bibelgruppe er ei mindre samtalegruppe der ein snakkar om tru, tvil og livet - og ser det opp mot kva Bibelen formidlar.

Ta kontakt på mail: leirkar@gmail.com eller kontakt kyrkjekontoret på tlf: 400 03 316.

Basar i Landro kyrkje

I Landro har det i haust vore arbeid med å få i stand basar. No er datoen sett, programmet er klart og du kan glede deg!



Laurdag 12.mars kl. 15.00 ønskjer vi velkommen til nokre kjekke timar med åresalg, song av Landro barne- og tweenskor, andakt, barnelotteri og trekking av loddbøker.

Vi har café med gratis drikke og kaffimat! Her kan du få med deg mykje godt på ein ettermiddag, så ta med deg familien, naboen og gode venner og kom til kyrkja!

Inntektene frå basaren går til arbeid med uteområdet rundt kyrkja, som

ein del av diakoniprojektet «Vekst» som vi skal starte i Landro denne våren.

Har du lyst å bidra praktisk på basaren, eller har du gevinstar å donere så kontakt leiar i Landro sokneråd, Tove Angeltveit på tlf. 995 90 448.

Vi i basargruppa set stor pris på det!

Meir informasjon: [Facebooksida "Basargruppa i Landro"](https://www.facebook.com/basargruppa-landro)

Jazz-gudsteneste

SØNDAG 27. MARS
KL. 11.00
I LANDRO KYRKJE

BAND:

Laila Linde Lossius - vokal
Anne Kristine W. Turøy - Tompet
Rune Landro - sax
Torleiv Jarland - Trombone
Erlend Gjøen - Bass
Odd Magne Johansen - trommer
Eline Olsen - Flygel

Prest Bjarte Nese
Kollekt



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

– I KYRKJENE FJELL, FOLDNES OG LANDRO –

SØNDAG 6. FEBRUAR

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, nattverd, offer til Bibelselskapet/Verbum forlag.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd, offer til NMS Thailand/Den norske Israelmisjon - Jesu døtre.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, ope offer.

SØNDAG 13. FEBRUAR

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd offer til Thailand/Laos.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd, søndagsskule/ -ring, offer til Bibelselskapet/Verbum forlag.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, offer til eige arbeid.

SØNDAG 20. FEBRUAR

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd, offer til Basecamp.

Foldnes kyrkje kl. 11: Familie- og karnevalsgudsteneste ved Maria Tveten, nattverd, søndagsskule/ -ring, offer til eige arbeid.

Landro kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp, offer til Søndagsskolen i Norge.

SØNDAG 27. FEBRUAR

Fjell kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp, fastelavn, offer til Kirkens bymisjon i Bergen.

Foldnes kyrkje kl. 19: Kveldsgudsteneste ved Maria Tveten, nattverd, offer til Areopagos.

SØNDAG 6. MARS

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd, offer til Kirkens SOS.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd, offer til KIA Norge.

SØNDAG 13. MARS

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp, offer til eige arbeid. Årsmøte etter gudstenesta.

Foldnes kyrkje kl. 11: NRK Radiogudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd, søndagsskule/ -ring, offer til Laget NKSS. Oppmøte kl. 10.45.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, offer til Misjonsprosjekt med NMS i Thailand.

SØNDAG 20. MARS

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd, offer til Trusopplæring.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp, søndagsskule/ -ring, offer til NMS Thailand/Den norske Israelmisjon - Jesu døtre. Årsmøte etter gudstenesta.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd, offer til eige arbeid.

SØNDAG 27. MARS

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp, offer til Søndagsskolen Norge.

Foldnes kyrkje kl. 19: Kveldsgudsteneste ved Maria Tveten, offer til Åpne Dører.

Landro kyrkje kl. 11: Jazz-gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd, offer til Himalpartner. Årsmøte etter gudstenesta.

VI TEK ATTERHALD OM AT ENDRINGAR KAN KOMME,
FØLG MED PÅ NETTSIDENE:

WWW.KYRKJA.NO/OYGARDEN



LIVETS GANG

DØYPTE

Fjell kyrkje

28.11.2021

Adele Vatnvåg Amundsen
Helene Hallen Gjerde

12.12.2021

Lilly Algrøy Størksen
Iben-Emilian Løseth Telle
Theo André Amundsen Sagstad
Vilma Lund Janson

08.01.2022

Thor Gjerde Hansen
Ellinor Ågotnes Olsen Bergum

16.01.2022

Mia Luna Rennedal
Frøya Mundal Holmås
Leah Kilbride Skarholm

Foldnes kyrkje

12.12.2021

Hedda Urø Eek

26.12.2021

Alma Zachariassen
Sebastian Mokhtaari Hjønnvåg

16.01.2022

Markus Einmo Hansen
Ellie Quam Schaug
Lea Haugsdal-Aa

Landro kyrkje

28.11.2021

Embla Rong Varpe
Magnus Sebastian Eide

16.01.2022

Olav Ophaug Vågenes

Vår Herre Jesus Kristus seier "Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leve om han så døy. Og kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

VIGDE

Fjell kyrkje

04.12.2021

Sara-Helen Lundekvam
og Eivind Guddal

01.01.2022

Susanne Hermansen og Stig Minde

Foldnes kyrkje

27.11.2021

Karoline Skoge og Kim Roger Nordbø

DØDE

Fjell kyrkje

Nils Svein Nilsen f.1948

Aslaug Andrea Lochert f.1937

Helge Trygve Fjell f.1950

Jarl Ove Edvardsen f.1949

Anna Kausland f.1921

Irene Orlaug Sanden Algrøy f.1941

Selma Margrete Rinde f.1940

Helge Johan Nilsen f.1944

Foldnes kyrkje

Rita Aasen Bentzen f.1968

Inger Syltøy f.1939

Kirsti Irene Bruland f.1949

Leif Atle Hovland f.1949

Grethe A. Nilsen f.1945

Bente Eikeland f.1961

Botolf Stølsbotten f.1920

Helge Jon Arefjord f.1948

Birger Leonard Arefjord f.1927

Hilda Janette Markussen f.1946

Gerd Marie H. Jørgensen f.1939

Landro kyrkje

Nelly Ingrid Froli f.1932

Marie O. Solsvik f.1928

Sonja Irene Jensen Steffner f.1952

Målfrid Hildur Aga f.1930

Rakel Bjørøy f.1919

Kontaktinfo

SOKNERÅDSLEIARANE

Fjell sokneråd:

Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@gmail.com

Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:

Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
tove.karin@outlook.com

KYRKJEVERJE

Annlaug Børve 473 04 530
ab766@kyrkja.no

SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse 924 63 278

Sokneprest Bjarte Nese 915 32 437

Sokneprest Maria Tveten 450 63 016

Sokneprest Morten Torsvik 909 37 169

Prostiprest Knut Kaldestad 977 24 017

Diakon Astrid Fylling 971 75 733

FÅR DU IKKJE KYRKJEBLADET?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Kyrkjebladet i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.


Ta kontakt på telefon **400 03 316** eller post.oygarden@kyrkja.no ved manglande levering.

INNLEVERINGSFRIST

for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Kyrkjebladet:

8. mars

Barne- kryssord



Vannrett:

1. Verdas beste mann
6. Villdyr
7. På rad
8. Postnr. 3403
9. Nils Rong
10. By
11. Daniel Knappen
12. Axel Risøy
14. ... fyr
15. Rekke
16. Doktor

Loddrett:

1. Svensk prins
2. Jentenavn
3. Postnr. 5550
4. Helligdag
5. Gudshus
7. Har kongen
13. Ukokt

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!



Send inn kryssord til:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten: Kryssord
Frist: 8. mars

Vinnar av Barnekryssord i nr. 5 – 2021:
Celina S. Landro
frå Sekkingstad

Namn.....

Adresse.....

.....

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Dåp

Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellestråd